

# Referat

## FAU-møte 08.05.2025 kl 20-21.30



Sted: Øyra skole, Miniauditoriet 3.etasje

Møteleiar: Kjetil Mastad Vestergaard, FAU-leiar

Sekretær: Kirsti Gaudestad

Til stede:

Klasse	Klassekontakt	Klasse	Klassekontakt
1A	Vebjørn Krumsvik Skeide	1B	Marte Susann Sæten
2A	Kjetil Mastad Vestergaard	2B	Kaisa Hegertun Monsholm, Cecilie Vartdal Almestad
3A	Raymond Corrado Knutsen, Håvard Gråbak	3B	Tarjei Johannessen Vågstøl
4A	Miriam Wiksnæs	4B	
5A	Terje Skrede	5B	Kirsti Gaudestad, Karen Rosenberg Olsen
6A	Elise Kvålseth Hunnes	6B	Synnøve Grevstad
7A		7B	Rita Kiperberg
Øvrige			

Sak	Saksnamn og referat	Oppfølging
1	<b>Registrere oppmøte og stemmetal</b>	15 møtte, 12 klasser er representert.
2	<b>FAU-arbeid sidan førre FAU-møte</b> - SU-møte - Nettsider - Marknaden	Kjetil informerte: SU-møte 19.mars. <ul style="list-style-type: none"> <li>- SFO tilbodet vart diskutert, hovudsakeleg med tanke på pris og fleksibilitet. For mange er det utfordrande å få morgenon til å gå opp utan morgen SFO, men dei har ikkje behov for SFO tilbodet på ettermiddagen. Det blir høyring 2025/26, så FAU samlar innspel frå føresette for å kunne svare på denne.</li> </ul> <p>Strakstiltak: Kjetil spør Oddveig på SFO om det går an å kjøpe enkelttimar på morgenon.</p> <p>Svar frå SFO: Det er mogleg å inngå ein fast avtale om enkelttimar på SFO om morgenon. Pris: 135,- pr time. Ein betalar uansett om man kjem eller ikkje, så lenge avtale gjeld.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Økonomi (kutt i tidleg innsats)</li> <li>- Nettsider: Kjetil har gjort ein innsats for å få informasjon inn på heimesida til Øyra skule, og har fått lovnad om at FAU skal få publisere informasjon og dokument nedst på sida. På sikt er det ynskjeleg med eit eige område for "Heim-skule" samarbeid.</li> <li>- Marknaden er avlyst av administrasjonen ved Øyra skule. Det hadde vore ynskjeleg med dialog med FAU i forkant av avgjerda.</li> </ul>

3	<b>Korleis tek vi avgjerder i FAU?</b>	<p>Foreslår å etablere vedtekter til hausten.</p> <p>Foreslår følgjande reglar for vedtak (vedtak påvirkar økonomi eller ressursar)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvar klasse har éi stemme (totalt 14 stemmer i FAU)</li> <li>• Klassekontaktene er sjølv ansvarleg for å svare på vegner av si foreldregruppe</li> <li>• Klasser som ikkje er representert får ikkje gje stemme</li> <li>• Vedtak kan fattast ved 2/3 fleirtal (10 stemmer)</li> </ul> <p>Foreslår følgjande reglar for øvrige avgjerder:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvar klasse har éi stemme (totalt 14 stemmer i FAU)</li> <li>• Klassekontaktene er sjølv ansvarleg for å svare på vegner av si foreldregruppe</li> <li>• Klasser som ikkje er representert får ikkje gje stemme</li> <li>• Avgjerdsler kan fattast ved fleirtall (8 stemmer)</li> <li>• FAU-leiar har dobbeltstemme ved 7-7</li> </ul> <p>Einstemmig med 12 stemmer støtte til forslaga.</p>
---	--	--

4	<p><b>Gjennomgang av revidert Digital rettleiar v/Vebjørn</b></p> <p>Inkludert gjennomgang av resultata frå spørjeundersøkinga frå <i>Betre saman</i></p>	<p>Vebjørn presenterte:</p> <p>2. utkast er skrive med utgangspunkt i tilbakemeldingar frå klassene og undersøkinga som "Betre saman" har sendt ut.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Frist for innspel var satt til 01.02.2025</li> <li>- Arbeida vidare men avventa resultat frå «Betre Saman» si undersøking kring smarttelefon mm. (resultat i slutten av april)</li> <li>- Endeleg utkast ferdig til dette møtet 08.05.2025</li> <li>- Innspel frå foreldra på rettleiaren var stort sett positive, men med fleire konstruktive innspel som vi har implementert.</li> <li>- Dei fleste innspela ytra ønske om høgare aldersgrense for mobiltelefon, noko som samsvarer med resultata frå undersøkinga distribuert av «Betre Saman». Ønska alder, sett bort frå «sosialt press», var her 13 år.</li> <li>- FAU må no vurdere om innhaldet er representativt for eit fleirtal av foreldra ved Øyra skule.</li> </ul> <p>Hovudendringar frå fyrste utkast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hovudendring er anbefaling om å vente med smarttelefon til ungdomsskulen (før «tidligast 5. trinn»)</li> <li>- Ellers er det gjort følgende endringar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tydleggjere FAU si rolle. FAU anbefaler ikkje, men utarbeider ein rettleiar saman med og på vegne av foreldra basert på uavhengige anbefalingar.</li> <li>- Meir nøytral tekst om gaming og sosiale medier.</li> <li>- Korta ned avsnitt om skule-nettbrett</li> <li>- Endringar på stuktur og språk.</li> </ul> </li> </ul> <p>Spørjeundersøking frå Betre saman</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Svar frå 318 av 800 barn i Voldaskulen. 240 foreldre har svart. Overvekt av svar frå dei yngste klassene.</li> <li>- Det er jamn fordeling av svar på spørsmål om generell uro for skjermbruk og spørsmål om positive sider ved bruk av skulenettbrett.</li> </ul>
---	---	--

		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dei fleste som har fått telefon fekk den då dei var 9 år. Nær halvparten av dei opplever at presset om smarttelefon melder seg for tidleg og at bornet fekk mobil for tidleg. Ynskje om oppmading til å vente til ungdomsskulen.</li> </ul> <p><b>Tilbakemeldingar frå klassene:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stor takk for innsatsen arbeidsgruppa har lagt ned i utarbeidninga av rettleiaren!</li> <li>- Håper at FAU har ein plan for å formidle innhaldet i rettleiaren -t.d. presentere hovudpunktata på foreldremøte.</li> <li>- Ta ein "erstatt alle" frå "medier" til "medium"</li> <li>- Grenseoppgangar... Korleis handheve oppmadingane i dei eldste klassene? Det er ikkje naturleg å ta mobilen frå dei som allereie har fått den. Motivasjonen er å prøve å utsette når borna får smarttelefon, basert på ei felles forståing. Over tid håper vi å skape ein kultur basert på ei tilråding. For føresette kan det vere fint å ha eit dokument og tilråding å vise til når spørsmåla melder seg.</li> <li>- Sosiale medium -13 år. Utfordrande for dei som er født seint på året at elevar som er født tidlegare får SoMe. Fell utanfor sosialt når ikkje alle har det. Kunne alle vente med SoMe til dei var ferdig på barneskulen?</li> <li>- Viktig at rettleiaren blir brukt i foreldremøte. FAU bør presentere den på fyrste foreldremøte i fyrsteklassene på hausten. Klassekontaktene tek opp temaet i eigne klasser. Det bør definerast neste "stopp-punkt" for når ulike spørsmål relatert til temaet skal settast på agendaen i klassene igjen.</li> <li>- Ta kontakt med Møre for å presentere rettleiaren og få publisitet rundt den.</li> </ul>
5	<b>Digital rettleiar-avstemning</b>	12 -einstemming blant frammøtte
6	<b>Overgang til Spond</b>	Kjetil har oppretta ei gruppe i Spond med støtte frå FAU styret. Kode for å kome inn i denne gruppa er KVEXQ.

		Det kom fram at det er ulike erfaringar med Spond, på lik linje med at det er ulike erfaringar med bruk av Facebook. Spond kan også vere utfordrande og uoversiktleg. Vi vel likevel å prøve ut å flytte dialogen frå Facebook til Spond.
7	<b>FAU neste skuleår</b>	Klassekontakter i 1., 3., og 5. klasse er valgt for to år for å oppnå kontinuitet i FAU arbeidet.
8	<b>Evt. Samansetting av klassene SFO Oppmode skulen om å tenke kontinuitet på kontaktlærarar Natteravn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva er retningslinjene for klasesamansetting? Skulen ber barnehagane om innspel, men det er ein oppleving av at tilbakemeldingane ikkje blir brukt. Nokre år har det vore stor skeivfordeling i klassene med tanke på elevar som har behov for ekstraressursar. Det blir mellom anna stilt spørsmål ved kva det gjer med føresetnadane for å oppnå kontinuitet i vaksenressursar i klassene. Nokre klasser opplever fleire bytte av vaksne, noko som kan skape utsigheit. Kjetil spør administrasjonen korleis dei gjekk fram ved samansetting av fyrsteklassene i år.</li> <li>- SFO, utfordrande ferietilbod. Forslag om å ha informasjon på heimeside i staden for ein e-post som kan vere utfordrande å forstå. Det er mange tilbakemeldingar på mattilboden på SFO. Kantina er ikkje dimensjonert for så mange elevar på SFO.</li> <li>- Oppmoding til administrasjonen om å vektlegge kontinuitet på kontaktlærarar i klassene. Det krev langtidsplanlegging i den grad det er råd, heilt frå samansetting av klassene.</li> <li>- Natteravn. Rita informerte om at ho både i jobbsamanheng og privat er i kontakt med ungdommar. Ho reagerer på at det ikkje er foreldre ute saman med ungdommane i sentrum på kveldane. Ho oppmodar om å etablere Natteravntilbod, og spør kva FAU tenkjer om å legge ansvaret på eit klassetrinn. FAU på Øyra tenkjer at det er mest naturleg at det i tilfelle ligg til eit klassetrinn på ungdomsskulen. I denne samtalen kom det fram at også born i barneskulealder heng i sentrum og at rektor har fått meldingar om nasking utført av elevar.</li> </ul>